



2025

Årsrapport



HØGSKULEN
I VOLDA

Innhald

Del I: Årsmelding frå styret	4
Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal	7
Del III: Aktivitetar og resultat 2025	10
Del IV: Styring og kontroll i verksemda	22
Del V: Vurdering av framtidsutsikter	28
Del VI: Årsrekneskap 2025	31

Kompetanse for eit betre samfunn

Høgskulen i Volda

Postboks 500

6101 Volda

Telefon: 70 07 50 00

postmottak@hivolda.no

www.hivolda.no

hivolda (Facebook, Instagram, Snapchat og LinkedIn)

Design

Fantastiske Osberget

Foto

Marius Beck Dahle, Lill Amile Berntsen, Vilde Moltudal Igland,
Steinarr Sommerset og arkivfoto.



Del I: Årsmelding frå styret 2025

Høgskulen i Volda (HVO) har gjennom 2025 arbeidd godt med å nå måla i strategien og i utviklingsavtalen, og høgskulestyret ser ei klar utvikling både på utdanningsfeltet og i forskinga, samstundes som HVO markerer seg tydeleg som ein viktig regional aktør.

Styret meiner at HVO har styrkt deltakinga si i regional kompetanseutvikling i 2025, mellom anna gjennom sterkare deltaking i Volda Næringsforum og Kompetanseforum Møre og Romsdal. Samarbeidet med regionalt arbeidsliv har gått frå dialog til forpliktande samskaping, noko partnerskapet i det nasjonale KI-senteret synleggjer. Arbeidslivsrelevansen i utdanningane er styrkt gjennom meir systematiske koplingar mellom praksis og forskning, der erfaringar frå praksisfeltet i større grad dannar grunnlag for vitenskapleg arbeid.

Styrets arbeid har i løpet av 2025 gått frå nausdynt krisehandtering og opprydding til proaktiv strategisk styring. Dette har vore avgjerande for at organisasjonen no kan møte utfordringane, som nedgang i studenttal og endra økonomiske rammer, med det fokuset og den krafta dette krev. Styret ser at tiltaka som er sette i verk, gir god effekt, og meiner at HVO no er rigga til å handtere desse utfordringane.

Styret vil òg framheve arbeidet som er sett i gang med å utarbeide ein ny overordna strategi for Høgskulen i Volda, og at ein ser grundig på studieporteføljen og på ulike organisasjonsmodellar for å førebu HVO betre på utfordringane framover.

Utdanning

HVO er ein høgskule som set studentane og undervisninga høgt. På utdanningssida vil styret framheve det systematiske arbeidet med vidareutvikling av læringsmiljøet, både med styrking av studentaktivitetslæringsformer, utvikling av høgskuleområdet og arbeidet med å revidere kvalitetssystemet. Styret meiner framgangen som Høgskulen i Volda fekk i Studiebarometeret 2025, kan tolkast som at arbeidet som er sett i verk, gir eit betre studiemiljø. Utviklinga av campus er særleg viktig for å sikre at HVO framleis er ein attraktiv og levande læringsarena i ei digitalisert verd. Gode regionale praksisordningar i offentleg og privat sektor er på plass, og evalueringar viser at koplinga mellom teoretisk kunnskap og praktisk kompetanse er styrkt.

Styret vil framheve at HVO gjennom 2025 har stadfesta posisjonen sin som ein viktig tilbydar av etterspurde etter- og vidareutdanningar særleg for offentleg sektor, både på heiltid, på deltid og som samlingsbaserte utdanningar. Mange av desse tilboda er eksternt finansierte eller finansierte gjennom direkte øyremerkte tildelingar frå KD.

HVO er også ein stor tilbydar av reine nettutdanningar, og høgskulen byggjer slik opp om det nasjonale målet med tilgang til høgare utdanning i heile landet.

Styret er svært nøgd med at HVO fekk prisen «Årets Erasmus+-institusjon» frå Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir), og at ein i grunngevinga framhevar HVO som eit førebilete for sektoren med ei systematisk tilnærming til mobilitet og eit aktivitetsnivå som ligg langt over det storleiken på institusjonen skulle tilseie.

Forsking

Styret meiner HVO har synt seg som ein fagleg sterk høgskule i 2025. Etableringa av eit nytt ph.d.-program og deltaking i to nasjonale forskningssenter markerer eit strategisk gjennombrot som styrkjer både forskingskulturen og den nasjonale posisjonen. Arbeidet med å heve publiseringa og sikre ekstern finansiering har gitt konkrete resultat, mellom anna gjennom FRIPRO-tildeling og auka doktorgradsproduksjon.

Tilslag på FRIPRO hos Noregs forskingsråd (NFR), som er den kategorien av NFR-midlar med størst konkurranse, er eit kvalitetsstempel som stadfestar at HVO har forskingsmiljø i den nasjonale toppen. Deltakinga i sentera for fagspråk og for kunstig intelligens syner at HVO sin spisskompetanse er etterspurd i store nasjonale løft, noko som vil sikre tilsette tilgang på ressursar og nettverk i åra framover.

Dei to doktorgradsutdanningane ved HVO har gode søkjartal til alle utlyste ph.d.-stillingar, noko vi meiner stadfestar kor viktig det er med slike tilbod også i vår region, som er ein region prega av eit lågt utdanningsnivå.

Organisasjon

Høgskulen i Volda er godt i gang med omstilling til ein strammare økonomisk kvardag. Etter at ein konstituert direktør kom på plass frå april 2025, har organisasjonen etablert gode møtestrukturar og oppfølgingsrutinar slik at ein har klart å skape ei samforståing i organisasjonen om innsparingar, harde prioriteringar og ein restriktiv tilsetjingspolitikk. Resultata av dette arbeidet er synleggjort gjennom ein redusert forventa kostnadsbruk utan at det har påverka måloppnåinga for 2025. Det at ein har klart å redusere kostnadene for 2025, vil gi HVO litt betre tid til å kunne omstille seg til ein tøffare økonomisk kvardag dei komande åra. Prosessane for å møte dette er i gang.

Styret vil elles framheve det gode arbeidet som blir gjort på HVO når det gjeld sikkerheit og beredskap. Føringane frå styret og departementet blir følgde opp på ein framifrå og systematisk måte gjennom Arbeidsmiljøutvalet (AMU) og i høgskulen si eiga sikkerhetsgruppe. HVO blir brukt av Sikresiden.no som eit døme på korleis dette arbeidet kan gjerast ved andre institusjonar i sektoren, og høgskulen har blitt invitert med i Kunnskapsdepartementet si referansegruppe for sikkerheit og beredskap.

Alt i alt meiner styret at 2025 har vore eit godt år for HVO, trass i uroa som prega høgskulen i byrjinga av året. Dei tilsette har vist at dei klarer å konsentrere seg om kjerneoppgåvene og vidareutvikling av desse, og HVO er no i godt driv til å handtere omstillingane som pregar sektoren. Det er sett i gang eit framtidsretta planarbeid for både eiga utvikling, samarbeid med lokale og regionale aktørar og dialog med andre i sektoren. Ein viktig premiss for utviklingsarbeidet er å få til vidare samarbeid og ei god arbeidsdeling mellom institusjonane. Styret meiner at det gjennom 2025 er lagt eit godt grunnlag for at arbeidet skal vidareutviklast i tett samarbeid mellom rektorat og direktør når nyttilsett direktør, Jan Olav Baarøy, er på plass frå 1. mars 2026.

Volda, 13. mars 2026, Høgskulen i Volda ved styret




Odd Helge Mjellem Tonheim
rektor og styreleiar



Karen Brønne



Roar Tobro



Silje Louise Dahl



Per Halse



Kjersti Kleven



Mathea Eckhoff Dagestad



Irene Sandsli



Rasmus Stokke



Bjørn Gunnar Tafjord



Landon Mitchell



Jan Olav Baarøy



Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal

Kompetanse for eit betre samfunn

Høgskulen i Volda (HVO) er ein sjølvstendig statleg høgskule under Kunnskapsdepartementet. HVO har som mål å skape og formidle kunnskap, byggje på demokratiske prinsipp og verdiar og bidra til eit høgt kompetansenivå og ei berekraftig utvikling i samfunnet. Vi utdannar for, og forskar på, velferdssamfunnet, og vi tek eit særleg ansvar for å bevare og utvikle nynorsk språk og skriftkultur.

HVO er ein profesjonsretta høgskule som både møter behova i regionen og er ein nasjonal tilbydar av profesjonsutdanningar innan samfunnsfag og humaniora som særleg offentleg sektor har behov for.

I tillegg til profesjonsutdanningane tilbyr HVO studium på alle nivå, det vil seie årsstudium, bachelor, master og ph.d. På toppen av dette kjem eit svært breitt spekter av ulike etter- og vidareutdanningstilbod.

Fagmiljøa ved Høgskulen i Volda er organiserte i fire avdelingar av ulik storleik: Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, Avdeling for kulturfag, Avdeling for mediefag og Avdeling for samfunnsfag og historie. Alle avdelingane har tilsette dekanar og ein eigen administrasjon. I tillegg kjem Fellesadministrasjonen med felles tekniske og administrative tenester for heile høgskulen. Til saman utgjer dette 364 årsverk, der 232 er vitskaplege årsverk.

Høgskulen i Volda har styringsordninga med vald rektor, og den faglege toppleiinga består av rektor og styreleiar Odd Helge Mjellem Tonheim og prorektor Eirik Søvik.

Som resultat av ein utfordrande samarbeidssituasjon ved HVO gjennom 2024 og byrjinga av 2025 slutta Ann Kristin Emblem i stillinga som høgskuledirektør i mars 2025. Frå midten av april 2025 blei Oddrun Rangsæter konstituert som høgskuledirektør, i første omgang for ein periode på seks månader, medan stillinga blei lyst ut. Konstitusjonsperioden blei vidare forlengd fram til 28. februar 2026. Ny direktør Jan Olav Baarøy tiltrer 1. mars 2026.

Dei viktigaste prioriteringane for 2026 er å utarbeide ein ny og meir funksjonell strategi- og handlingsplan, gjennomgå studieporteføljen og vurdere ein endra organisasjonsmodell med tanke på å skape ein meir berekraftig høgskule for framtida, både fagleg og økonomisk.

Hovudtal for Høgskulen i Volda

Styringsparameter	2023	2024	2025
Antal studentar	4263	4445	4381
Avlagde studiepoeng (heiltidsekvivalent)	2559	2479	2486
Publiseringspoeng	0,58	0,58	0,6
Doktorgradsdisputasar	7	7	6
Gradsgjennomføring på normert tid	407	394	422
Inntekter (i mill. kroner)	445	523	515
– av dette bidrag/oppdrag (BOA)	50	46	41
Årsverk	386	374	364
– av dette vitenskaplege	255	247	232
Totalt sjukefråvær per år	6,2 %	7,6 %	6,0 %

Fleire nøkkeltal finn ein i NSDs Database for statistikk om høgare utdanning: dbh.hkdir.no.

I motsetning til dei fleste andre institusjonar i universitets- og høgskulesektoren har HVO berre éin campus, og på sjølve campusen ligg bygga og avdelingane tett. Dette legg til rette for eit tett og tverrfagleg samarbeid, og ein legg mykje arbeid i å skape éin høgskule. Dette speglar seg mellom anna i at mange av gradane HVO tilbyr, har emne på tvers av avdelingane.

Høgskulen i Volda ligg i ein region med lågt gjennomsnittleg utdanningsnivå og har slik sett ei viktig regional betydning som tilbydar av ulike studium som regionen har behov for. HVO jobbar for å ha eit godt samarbeid med nærliggjande kommunar og lokalt næringsliv på mange plan, både som tilbydar av etter- og vidareutdanning og for at ein i fellesskap kan leggje til rette for å ha ein god studiestad på Søre Sunnmøre.

Trass i den sterke regionale vektlegginga er HVO òg ein nasjonal og internasjonal aktør. Særleg medieutdanninga er høgt verdsett nasjonalt og eit viktig bidrag med gode kandidatar til dei store norske mediehusa. HVO har også eit internasjonalt fokus gjennom samarbeid med fagmiljø både i og utanfor Europa. HVO har framifrå utvekslingsavtalar med høgt renommerte universitet som blir nytta av både innreisande og utreisande studentar. I 2025 mottok HVO prisen «Årets Erasmus+-institusjon» frå Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir). I grunngivinga for prisen blei HVO løfta fram som det fremste førebiletet i Noreg innan internasjonalisering. HK-dir rosar òg høgskulen for ein systematisk og langsiktig innsats, særleg med å sende studentar ut i verda til land både i og utanfor Europa, men også for å gi eit godt og inkluderande tilbod til innreisande studentar.



Del III: Årets aktivitetar og resultat

3.1 Overordna mål og sektormål

Høgskulen i Volda (HVO) har i 2025 arbeidd målretta for å nå dei nasjonale måla for sektoren og måla i utviklingsavtalen. Trass i eit år prega av interne omstillingar og ytre økonomisk press viser resultatata ein institusjon som leverer høg kvalitet på kjerneområda sine.

3.1.1 Sektormål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning

Styringsparameter	2022	2023	2024	2025
Antal førstevalssøklarar totalt	1087	1039	891	924
Antal kvalifiserte førstevalssøklarar per studieplass	1,1	1,0	0,9	0,9
Andel studentar på bachelorgradsprogram som gjennomfører på normert tid (i %)	57 %	54 %	58 %	54 %
Andel studentar på toårig mastergradsprogram som gjennomfører på normert tid (i %)	37 %	25 %	41 %	26 %
Andel studentar på femårig mastergradsprogram som gjennomfører på normert tid (i %)	51 %	61 %	60 %	45 %
Andel ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år (i %)	0 %	0 %	43 %	67 %
Korleis studentane oppfatar studiekvaliteten (Studiebarometeret: poengskala 1–5)	4,0	3,8	4,0	4,1
Publiseringspoeng per tilsett i vitenskapleg stilling	0,43	0,58	0,58	0,6
Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar	29	28	27	27
Gjennomstrøyming i doktorgraden på vårt eige program	4	3	1	2
Antal studiepoeng per fagleg årsverk	583	576	596	643

HVO leverer utdanning med høg studiekvalitet, noko som blir ettertrykkjeleg stadfesta av resultatet for 2025 i Studiebarometeret. Med ein overordna tilfredsheitsscore på 4,1 går HVO ikkje berre fram frå 2024, men plasserer seg også over landssnittet (4,0). Dette viser at sjølv i eit år som var prega av strammare rammer, lukkast fagmiljøa våre med å skape eit engasjerande og relevant læringsmiljø der studentane trivst og får tett oppfølging.

Den faglege kvaliteten og det samfunnsmessige fotavtrykket til HVO blir i 2025 gjort særleg synleg gjennom nasjonal heider og internasjonalt gjennomslag. Tildelinga av Kongens fortjenestemedalje til tidlegare førstelektor Reidun Aambø er ei anerkjenning av ein eineståande innsats gjennom nær førti år. At Aambø har undervist over 1000 studentar frå 116 ulike land, illustrerer HVO si historiske rolle som ein sentral brubyggjar mellom norske og internasjonale kulturforståingar.

Denne arven blir ført vidare i dagens systematiske arbeid med mobilitet, noko som i 2025 førte til at HVO fekk prisen «Årets Erasmus+-institusjon». Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) trekkjer fram HVO som eit førebilete for sektoren. For HVO er denne prisen ei stadfesting på at vi maktar å kombinere nærleik til regionen med ein opnare og meir internasjonalt orientert studiekultur.

Sjølvs om studentane rapporterer om høg tilfredsheit, er gjennomføring på normert tid ei vedvarande utfordring. HVO ser med alvor på at andelen som fullfører toårig master på normert tid, har falle til 26 % i 2025. For å møte denne utviklinga har fagmiljøa intensivert arbeidet med tettare rettleiing, tydelegare tidsplanar og betre bruk av registerdata for tidleg oppfølging. Som eit overordna strategisk grep har HVO i 2025 lagt om fleire masterprogram til reine deltidsstudium. Dette er ei nødvendig tilpassing til ein røyndom der ein aukande del av studentmassen kombinerer studium med arbeid og omsorgsoppgåver. Ved å formalisere rammene for deltidsstudium legg HVO til rette for eit meir realistisk utdanningsløp som vi forventar vil stabilisere og på sikt forbetre gjennomstrøyminga i åra som kjem.

3.1.2 Sektormål 2: Berekraftig samfunnsutvikling, velferd og innovasjon

Styringsparameter	2022	2023	2024	2025
Bidragsprosjekt – EU	834	742	309	261
Bidragsprosjekt – NFR	4 606	2 184	2 381	2 816
Bidragsprosjekt – andre	32 362	42 090	35 210	25 905
Oppdragsprosjekt	5 748	7 423	8 074	6 455
Andel bidrags- og oppdragsinntekter per vitenskapleg årsverk	146	202	186	157
Andel kvinner i dosent- og professorstillingar	35 %	36 %	39 %	42 %
Andel kvinnelege studentar (i %)	70 %	70 %	69 %	69 %
Andel mannlege studentar (i %)	30 %	30 %	31 %	31 %

Høgskulen i Volda er ein kompetanseleverandør for både regionen og nasjonen, særleg retta mot dei store profesjons- og velferdsyrka. Søkjartala for 2025 syner ei forsiktig, men svært gledeleg utvikling med 924 førstevals-søkjarar til HVO, noko som viser at utdanningane våre held stand i ein tøff demografisk marknad.

Når det gjeld ekstern finansiering, syner tabellen for sektormålet ein nedgang i dei totale bidrags- og oppdragsinntektene (BOA) per vitenskapleg årsverk. HVO ser dette i samanheng med ei generell innstramming i sektoren og fleire prosjekt som går mot avslutning, men merkar seg samtidig ein positiv vekst i tildelingar frå Noregs forskingsråd (NFR). Det er også svært positivt at andelen kvinner i dosent- og professorstillingar held fram med å auke (oppgang til 42 % i 2025), noko som styrkjer mangfaldet og breidda i HVO sin eigen faglege kompetansebase.

For å sikre at kandidatane våre har den kompetansen arbeidslivet treng, har samarbeidet med praksisfeltet i 2025 utvikla seg. Eit døme på dette er HVOs forskning på Nav-tiltaket «Grunnleggande programmering», der unge i utanforskap med gaming-interesse får motivasjon og jobbmoglegheiter gjennom målretta kurs. Forskinga botnar i eit tett samarbeid mellom HVO og Nav, og gjennom slik samarbeid nyttar HVO spisskompetansen i fagmiljøa sine til bidra inn mot konkrete velferdsutfordringar.

Samtidig har HVO styrkt posisjonen sin som ein leiande tilbydar av etterspurd etter- og vidareutdanning (EVU). Ved å kople slike utdanningstilbod til tunge nasjonale satsingar, som partnerskapet i det nasjonale forskings-senteret for kunstig intelligens (der også Volda kommune og det lokale næringslivet er involverte), fungerer HVO som ein motor for kompetansebygging. Systematisk bruk av bransjetreff og gjestelærarar sikrar at studentane heile tida er oppdaterte på røyndomen dei skal ut i.

3.1.3 Sektormål 3. God tilgang til utdanning, forskning og kompetanse i heile landet

Styringsparameter	2022	2023	2024	2025
Antal studentar på samlingsbaserte tilbod	705	1000	935	935
Antal studentar på nett	1325	1535	1825	1865
Antal aktive prosjekt frå NFR	2	3	3	3
– av desse: nye prosjekt	0	1	0	0

Høgskulen i Volda er ein breiddeprofesjonshøgskule som er tett knytt til dette sektormålet. Tabellen for sektormålet syner at vi opprettheld eit høgt og stabilt nivå på samlingsbaserte tilbod (935 studentar), og at vi har ein vekst i antalet reine nettstudentar (oppgang til 1865). Dette betyr i praksis at HVO gjer høgare utdanning tilgjengeleg for store studentgrupper uavhengig av bustad og livsfase. Denne fleksibiliteten er heilt avgjerande for å sikre at heile landet har tilgang til kompetanse, særleg innan i offentleg sektor. Samtidig blir dette framover viktig å balansere opp mot ein levande Volda-campus med eit yrande studentliv framover.

Vidare tek HVO ansvaret sitt for nynorsk skriftkultur på høgste alvor. Ved å vere ein nasjonal garantist for nynorsk-kompetanse i profesjonsutdanningane bidreg institusjonen til eit språkleg mangfald som er ein føresetnad for sosial utjamning og demokratisk deltaking.



Dei første ph.d.-kandidatane på det nye ph.d.-programmet Utdanning, språk og kultur.

3.2 Utviklingsavtalen med KD (2023–2026)

Utviklingsavtalen Høgskulen i Volda har med Kunnskapsdepartementet (KD), har tre hovudmål med tilhøyrande styringsparameterar. Desse målområda er utforma for å sikre at HVO held høg kvalitet og utviklar seg i tråd med strategiske prioriteringar.

3.2.1 Mål 1: Eit godt og engasjerande læringsmiljø

Høgskulen i Volda vurderer at måloppnåinga for eit godt og engasjerande læringsmiljø i 2025 er god, særleg gjennom styrking av studentaktive læringsformer, integrering av digital kompetanse og målretta utvikling av campus. Samarbeidet med studentane i kvalitetssikringa fungerer godt på emnenivå, men det er framleis behov for å styrkje engasjementet i dei sentrale organa og sikre betre systemstøtte for kompetanseutvikling. Arbeidet med å tilpasse vurderingsformer til ein røyndom med kunstig intelligens (KI) er godt i gang, men krev vidare institusjonell samordning for å sikre kvalitet og rettssikkerheit på tvers av utdanningane. Resultata frå Studiebarometeret stadfestar at studentane trivst godt i Volda.

3.2.1.1 Styringsparameter 1: Utvikle varierte og studentaktive arbeidsmåtar og relevant digital kompetanse i alle utdanningar.

Høgskulen i Volda har i 2025 prioritert pedagogisk utvikling og digital transformasjon for å styrkje studentane si involvering og profesjonsrelevansen. Arbeidet har vektlagt å integrere nye teknologiske verktøy i undervisninga, samtidig som ein har vidareutvikla dei fysiske og digitale læringsarenaene for å fremje djupnelæring og akademisk integritet.

Resultat og aktivitetar i 2025:

- Digital infrastruktur og læringsstøtte: Gjennom Læringsverkstaden er det innført nye verktøy for medstudentvurdering, og strukturen i digitale emnerom er standardisert i ulike utdanningar for å sikre betre informasjonsflyt. Biblioteket har modernisert kursa sine i informasjonskompetanse og kjeldekritikk.
- Tilpassing til ny teknologi: Fleire fagmiljø har lagt om til munnlege vurderingsformer som eit svar på utfordringane med generativ KI. Det er etablert tverrfaglege arbeidsgrupper for å utarbeide felles retningslinjer for bruk av KI.
- Studentaktive arbeidsmåtar: Profesjonsutdanningane har styrkt koplinga mellom teori og praksis gjennom meir studentaktive metodar, støtta av fysisk tilrettelegging av læringsareal på campus.

HVO vurderer framdrifta som god, noko som blir underbygd av svært gode resultat i Studiebarometeret, der særleg bibliotekenestene scorar høgt (4,4). Erfaringane viser at studentaktive arbeidsformer bidreg til auka djupnelæring og betre heilskapsforståing i profesjonsfaga. Samtidig ser HVO at arbeidet med nye vurderingsformer i møte med den teknologiske utviklinga har vore noko fragmentert. Det er behov for sterkare institusjonell koordinering og felles standardar for å sikre rettstryggleiken og kvaliteten på vurderingane i framtida.

3.2.1.2 Styringsparameter 2: Styrkje studentmedverknad gjennom betre involvering av studentane i arbeidet med studiekvalitet.

Høgskulen i Volda har i 2025 arbeidd systematisk for å sikre reell studentinnverknad på alle nivå i organisasjonen. Hovudinnsatsen har vore å styrkje dei nære medverknadsformene på emne- og programnivå, samtidig som ein legg godt til rette for god representasjon i dei styrande organa ved institusjonen.

Resultat og aktivitetar i 2025:

- Formell representasjon: Studentar har vore aktivt representerte i Høgskulestyret, Læringsmiljøutvalet (LMU), avdelingsråd og dessutan Utdannings- og Forskingsutvalet.
- Styrking av kvalitetsarbeidet: Det er lagt særleg vekt på kvalitetsutval på programnivå. I lærarutdanningane er det etablert faste strukturar med kvalitetsutval for kvart emne og jamlege møte med tillitsvalde.
- Målretta rekruttering: Studieadministrasjonen har i tett samarbeid med Studentparlamentet arbeidd for å sikre god rekruttering til studentverva.
- Evaluering og dialog: Periodiske studieprogramevalueringar er gjennomførte etter plan, og tilbakemeldingane blir nytta direkte i den faglege utviklinga.

HVO vurderer at systemet for studentmedverknad fungerer svært godt på det operative nivået. Dette blir stadfesta av Studiebarometeret, der studentane si oppleving av medverknad i studieprogrammet ligg heile 0,7 til 0,8 poeng over landssnittet. Sjølv om den reelle innverknaden på utdanningskvaliteten er tydeleg, ser HVO at engasjementet er noko sårbart på overordna nivå og ofte kviler på enkeltpersonar. For å sikre ein meir robust medverknadskultur framover vil HVO prioritere meir systematisk opplæring av tillitsvalde og tydelegare synleggjere verdien av studentengasjement for heile studentmassen.

3.2.1.3 Styringsparameter 3: Utvikle læringsmiljøet ved gjennomføring av campusutviklingsplanane.

Høgskulen i Volda har i 2025 prioritert utviklinga av campus som ein attraktiv og inkluderande læringsarena, mellom anna for å stimulere til auka fysisk nærvær blant studentane. Arbeidet har vore retta mot å oppgradere bygningsmassen og infrastrukturen for å skape rom som fremjar både fagleg identitet og sosialt samhøyr.

Resultat og aktivitetar i 2025:

- Sosiale læringsareal: Det er etablert nye opphaldsareal og trivselssoner i foajear og fellesareal for å invitere til meir fagleg samarbeid og sosialt samvær på campus.
- Læringsverkstaden som eit nav: Tilbodet er flytta til meir sentrale lokale for å fungere som ein endå tydelegare møteplass, noko som koplar det digitale og det fysiske læringsmiljøet tettare saman.
- Universell utforming: Ei eiga arbeidsgruppe har styrkt rutineane for tilrettelegging. Dette sikrar eit betre samarbeid mellom administrasjon og fagmiljø for å vareta studentar med særskilde behov.
- Infrastruktur for samlingar: Høg stabilitet i den digitale infrastrukturen har gjort det mogleg å skape meir intensive og gode faglege fellesskap for studentar på samlingsbaserte masterutdanningar når dei er på campus.

HVO vurderer at campusutviklinga går i rett retning og har positiv effekt på studentane sitt ønske om å vere til stades. Erfaringane stadfestar at oppgraderte trivselssoner er avgjerande for læringsmiljøet. Samtidig syner tilbakemeldingar at den eldre bygningsmassen framleis har utfordringar knytt til kapasitet og funksjonalitet for store undervisningsgrupper. For å oppretthalde Volda som ein attraktiv og pulserande studiestad vurderer HVO at det er heilt nødvendig med vidare investeringar i fleksible romløyningar i åra som kjem.

3.2.1.4 Styringsparameter 4: Vidareutvikle det høgskulepedagogiske tilbodet.

Høgskulen i Volda har i 2025 prioritert å styrkje den utdanningsfaglege kompetansen hos dei tilsette for å sikre høg kvalitet og relevans i undervisninga. Arbeidet har vore særleg retta mot å vidareutvikle emneporteføljen av det høgskulepedagogiske tilbodet slik at dette svarer på behovet for praksisnært utviklingsarbeid og profesjonsretta læring.

Resultat og aktivitetar i 2025:

- Basisutdanning: Emnet i pedagogisk basiskompetanse er vidareført som eit fast, årleg tilbod for vitskapleg tilsette.
- Nytt emneutkast: Det er sett i gang arbeid med eit nytt høgskulepedagogisk emne som skal gi formell kompetanse i å leie praksisnært utviklingsarbeid, noko som styrkjer synergiane mellom forskning, utdanning og profesjonsfeltet.
- Kvalitetsmedvit: Det systematiske arbeidet med høgskulepedagogikk har bidrege til eit auka medvit kring undervisningskvalitet i alle fagmiljøa.

HVO vurderer at det pedagogiske utviklingsarbeidet gir positive utslag på undervisningskvaliteten. Dette blir støtta av Studiebarometeret, der HVO scorar over det nasjonale snittet på områda undervisning, tilbakemelding og rettleiing, trass i ein marginal tilbakegang på enkelte punkt i 2025. Samtidig ser HVO at høg undervisningsbelastning utgjer ein barriere for deltaking. For å nå det fulle potensialet og sikre føreseieleg gjennomføring av kompetanseplanar er det behov for ei tydelegare prioritering av tidsressursar og økonomiske rammer i avdelingane.

3.2.2 Mål 2: Ein fagleg sterk høgskule

Høgskulen i Volda vurderer måloppnåinga for ein fagleg sterk høgskule som god i 2025. Etableringa av eit nytt ph.d.-program og deltaking i to nasjonale forskningssenter markerer eit strategisk gjennombrøt som styrkjer både forskingskulturen og den nasjonale posisjonen. Arbeidet med å heve publiseringa og sikre ekstern finansiering har gitt konkrete resultat, blant anna gjennom FRIPRO-tildeling og auka doktorgradsproduksjon, sjølv om høg arbeidsbelastning framleis utfordrar breidda i forskinga. HVO ser at dei strukturelle grepa for kompetansestyring og internasjonalisering, inkludert ein prisvinnande innsats på Erasmus+, har lagt eit solid fundament, men at vidare utvikling krev betre digitale styringsverktøy.

3.2.2.1 Styringsparameter 5: Arbeide for å oppnå akkreditering av ein ny ph.d. på lærarutdanningane.

Høgskulen i Volda har i 2025 gått frå ein akkrediteringsfase til full operativ drift av eigne doktorgradsprogram. Etableringa av det nye programmet «Utdanning, språk og kultur» markerer eit strategisk skifte som styrkjer den vitskaplege forankringa i profesjonsutdanningane og aukar institusjonen sin attraktivitet som forskingsarena.

Resultat og aktivitetar i 2025:

- Oppstart og rekruttering: Det nye ph.d.-programmet har i 2025 teke opp sine første kull. Ved inngangen til året starta sju kandidatar. Etter ei utlysing med 49 søkjarar hausten 2025 er ytterlegare 6 kandidatar klare for oppstart i 2026.
- Stabil drift av fellesgrad: Fellesgraden i helse- og sosialfag (saman med Høgskolen i Molde) har i sitt tiande driftsår 36 aktive kandidatar. Søkinga er svært god, særleg innan folkehelse og fysiologi, som aleine hadde 53 søkjarar til utlyste stillingar i 2025.

- Fagleg synergi og nettverk: Programma bidreg til vitskapleg kompetanseheving for eigne tilsette gjennom rettleiing og forskningssamarbeid på tvers av avdelingar og institusjonar.

Måloppnåinga blir vurdert som svært god. Strategien har lukkast med å flytte fokus frå formell akkreditering til drift og kvalitetssikring. Den høge søkjarmassen stadfestar at HVO er ein attraktiv institusjon for forskarutdanning. For å sikre framtidig kvalitet og gjennomføring er HVO merksam på behovet for å balansere auken i antalet stipendiatar opp mot tilgjengeleg rettleiarkapasitet og forskningstid i fagmiljøa.

3.2.2.2 Styringsparameter 6: Auka publisering ved å syte for at tilsette har god tilgang på FoU-ressursar og støtteordningar til fagleg utvikling.

Høgskulen i Volda har i 2025 arbeidd systematisk med å styrkje forskingskulturen gjennom målretta støtteordningar og strategisk posisjonering i nasjonale nettverk. Innsatsen har vore retta mot å profesjonalisere forvaltninga av FoU-midlar og sikre at vitskapleg tilsette har tilgang til ressursar som fremjar både individuell publisering og ekstern prosjektfinsiering.

Resultat og aktivitetar i 2025:

- Auka publisering: Resultata viser ein positiv trend med ein auke i publiseringspoeng per vitskapleg tilsett frå 0,58 i 2024 til 0,60 i 2025.
- Strategiske tilslag: HVO har lukkast på den nasjonale konkurransearenaen med tilslag på eit FRIPRO-prosjekt («MInDReading»). I tillegg er HVO no partner i to nye nasjonale senter for høvesvis norsk fagspråk og kunstig intelligens (KI).
- Ekstern finansiering: Det er i 2025 sendt ni nye søknader om forskar- eller samarbeidsprosjekt til Forskingsrådet, noko som viser ei offensiv satsing på eksterne midlar ved HVO.
- Evaluering av støtteordningar: Forskingsutvalet har gjennomført ein heilskapleg revisjon av insentivordningane for å sikre at ressursane blir nytta der dei gir størst fagleg effekt.

HVO vurderer måloppnåinga som svært god, særleg med tanke på den nasjonale posisjoneringa. Tilslaget i FRIPRO og deltakinga i nasjonale senter er eit tydeleg kvalitetsstempel for fagmiljøa våre. Den aktive porteføljestyringa av FoU-midlar har bidrege til auka profesjonalisering i forvaltninga. Samtidig ser HVO at fragmentert FoU-tid og høg undervisningsbelastning framleis er ein barriere for breidda i publiseringsaktiviteten, noko som understrekar behovet for vidare prioritering av strategiske støtteordningar.

3.2.2.3 Styringsparameter 7: Styrkje det internasjonale samarbeidet.

Høgskulen i Volda har i 2025 styrkt innsatsen for praksisbasert mobilitet og internasjonalisering av studieporteføljen. Arbeidet er retta mot å gjere internasjonale utvekslingsløp meir tilgjengelege for profesjonsstudentar og å kople internasjonale partnerskap tettare til regionalt utviklingsarbeid.

Resultat og aktivitetar i 2025:

- Strategiske partnerskap: HVO deltek i Erasmus+-prosjektet «T-Talent TECH» saman med partnerar frå Portugal, Italia og Tyrkia. Prosjektet koplar regionalt næringsliv (Sunnmøre Kulturnæringshage) mot internasjonale kompetansemiljø innan IKT og pedagogikk.
- Praksismobilitet: Det er etablert ein 16 veker lang utanlandspraksis for profesjonsfag i Austerrike, India og Tanzania. Gjennom Nordplus-nettverket er det lagt til rette for internasjonale lærarstudentar i praksis i Volda.

- **Porteføljeutvikling:** For å auke utvekslingstala er utvekslingssemesteret flytta i fleire program, og tilbodet av engelskspråklege emne er utvida for å betre integreringa av tilreisande studentar.
- **Internasjonalisering på heimebane:** Den internasjonale møteplassen Pangaia ved Høgskulen i Volda har vidareutvikla rolla si som sentral arena for inkludering og trivsel for både inn- og utreisande studentar.

HVO vurderer at det internasjonale arbeidet held eit svært høgt nasjonalt nivå, noko som i 2025 blei stadfesta gjennom tildelinga av prisen «Årets Erasmus+-institusjon». Erfaringane syner at praksisbasert utveksling er ein særleg god modell for profesjonsutdanningane, då det gir internasjonal erfaring utan å forseinke studieløpet. HVO ser eit framleis potensial for å auke mobiliteten i enkelte utdanningar, og vi vil prioritere ei strategisk vidareutvikling av den engelskspråklege studieporteføljen for å sikre ein berekraftig balanse mellom inn- og utreise.

3.2.2.4 Styringsparameter 8: Utvikle ein kompetanseutviklingsplan og ta han i bruk som eit viktig strategisk verktøy i rekruttering og intern kompetanseutvikling.

Høgskulen i Volda har i 2025 vidareutvikla arbeidet med kompetanseplanlegging for å sikre at institusjonen har rett bemanning og vitskapleg toppkompetanse. Det sentrale har vore å innrette rekrutteringsarbeidet etter justerte nasjonale krav, samtidig som HR-avdelinga har vurdert behovet for framtidig systemstøtte for å kunne drifte planane effektivt.

Resultat og aktivitetar i 2025:

- **Strategisk rekruttering:** Det er innført krav om at alle nye utlysingar skal drøftast og godkjennast i dekanmøtet. Dette sikrar at rekrutteringa er basert på heilskaplege vurderingar av økonomi og faglege behov på tvers av avdelingane.
- **Pilotering av planar:** Ei avdeling har i 2025 testa ut ein lokal kompetanseutviklingsplan som omfattar både førstestillings- og toppkompetanseløp.
- **Kartlegging i avdelingane:** Det er gjennomført løpande kartleggingar i alle avdelingar for å sikre at bemanninga oppfyller krava i studietilsynsforskrifta.
- **Vurdering av systemstøtte:** På bakgrunn av analysar frå HR-avdelinga har HVO starta ei vurdering av å kople seg på Sikt sitt nasjonale fellesarbeid med HRM-system for å få betre digitale verktøy for kompetansestyring.

HVO vurderer at innføringa av dekanmøtet som strategisk godkjenningorgan har fungert effektivt og hindra at rekruttering skjer «på autopilot». Sjølv om avdelingane gjennom sine kartleggingar har god oversikt over kompetansebehovet, gjeld den heilskaplege kompetanseplanen førebels i avgrensa grad. Analysen frå HR-avdelinga slår fast at manglande interne ressursar og systemstøtte utgjer ein flaskehals. HVO ser difor behov for å sjå kompetanseplanlegging i samanheng med den nasjonale tekniske utviklinga på feltet for å sikre ei berekraftig forvaltning i åra som kjem.

3.2.2.5 Styringsparameter 9: Synleggjere fagkompetansen og styrkje det tverrfaglege samarbeidet gjennom betre ekstern og intern kommunikasjon.

Høgskulen i Volda har i 2025 arbeidd målretta for å styrkje den interne samhandlinga og løfte fram den faglege kompetansen for eit breiare publikum. Gjennom strategisk bruk av kommunikasjonskanalar og etablering av nye arenaer for kunnskapsdeling har institusjonen bygd bru mellom interne fagmiljø og ut mot samfunns- og arbeidslivet.

Resultat og aktivitetar i 2025:

- Strategisk internkommunikasjon: HVO sitt faste nyhende-brev har fått ein reindyrka profil for å synleggjere forskning, publisering og strategiske vegval, noko som fungerer som eit samlande verktøy for å byggje identitet og stoltheit i organisasjonen.
- Tverrfaglege møteplassar: Det er etablert faste interne arenaer, som lunsjseminar og fagdagar, for å dele erfaringar på tvers av avdelingane. Dette er supplert med felles seminar med kommune- og helsesektoren for å styrkje dialogen om profesjonsutvikling.
- Regional formidling: HVO hadde i 2024/2025 redaktøransvaret for Fjordantologien i tilknytning til Fjordkonferansen. Her bidrog heile 21 forfattarar frå ulike avdelingar ved HVO, noko som demonstrerer evna til brei fagleg mobilisering.
- Faglege fellesskap: Tverrfaglege prosjekt som «Avverjeplikt i møte med partnervald» (MANREPORT-IPV) og deltaking i nasjonale forskningssenter blir nytta aktivt som motorar for å fremje HVO sin posisjon utover regionen.

HVO vurderer at ein i 2025 har lukkast svært godt med å byggje sterke faglege fellesskap internt. Den breie, tverr- $\leq$ faglege deltakinga i Fjordantologien er eit konkret prov på at samhandlinga fungerer i praksis og gjer HVO til ein meir robust kunnskapsleverandør. Deltakinga i store nasjonale senter har samtidig gitt den eksterne synleggjeringa eit kraftig løft. Sjølv om den interne kulturen for kunnskapsdeling er styrkt, ser HVO at det framleis er eit stort potensial for å omsetje denne kompetansen til målretta ekstern kommunikasjon. Eit strategisk løft på dette feltet vil vere avgjerande for å støtte opp under framtidig studentrekruttering og regional samhandling.

3.2.3 Mål 3: Ein kompetent region

Høgskulen i Volda vurderer at måloppnåinga for ein kompetent region er god i 2025. Samarbeidet med regionalt arbeidsliv har gått frå dialog til forpliktande samskaping. Arbeidslivsrelevansen i utdanningane er styrkt gjennom meir systematiske koplingar mellom praksis og forskning, der erfaringar frå feltet i større grad dannar grunnlag for vitskapleg arbeid. På berekraftsområdet har HVO lukkast med å kombinere grøne investeringar i campus med nødvendig økonomisk omstilling, noko som sikrar ei robust drift for framtida.

3.2.3.1 Styringsparameter 10: Styrkje arbeidsrelevansen gjennom innovasjon og samskaping, særleg med regionale aktørar.

Høgskulen i Volda har i 2025 styrkt samfunnsoppdraget sitt gjennom tettare kopling mellom utdanning, forskning og regionalt arbeidsliv. Arbeidet har vore prega av strategiske partnerskap med både offentleg sektor og næringsliv for å løyse komplekse samfunnsutfordringar gjennom sosial og teknologisk innovasjon.

Resultat og aktivitetar i 2025:

- Strategiske arenaer lokalt og regionalt: HVO gjekk i 2025 inn som fast medlem i Kompetanseforum Møre og Romsdal, der HVO gjennom toppleinga medverkar direkte til å kartleggje og møte kompetansebehova i fylket. Parallelt har HVO gått inn i Volda Næringsforum for å sikre ein endå tettare og meir forpliktande dialog med det lokale næringslivet i vertskommunen.
- Regionale partnerskap om teknologi: Deltakinga i det nasjonale KI-senteret er forankra regionalt gjennom eit tett samarbeid med Volda kommune og Sparebanken Møre, som finansierer ei eiga stipendiatstilling knytt til satsinga.

- **Infrastruktur for samhandling:** Det er inngått ein trepartsavtale med Volda kommune og Norsk Innovasjonssenter AS for å sikre møteplassar for regional utvikling. I tillegg finansierer Sparebankstiftinga Søre Sunnmøre eit forprosjekt for eit nasjonalt demokratisenter og delar av ei ph.d.-stilling innan folkehelse.
- **Sosial berekraft og inkludering:** I samarbeid med Nav og lokale aktørar er det forska på korleis ein kan nytte spelkompetanse (gaming) for å inkludere unge i utanforskap. Det er også utvikla nye modellar for brukarmedverknad i sosialfaga i partnerskap med kommunar på Sunnmøre og i Romsdal.
- **Praksisnær profesjonsutvikling:** For å sikre arbeidslivsrelevans har profesjonsutdanningane innført innovative simuleringsmetodar der studentar frå ulike fagmiljø trener tverrfagleg på krevjande samtalar og samhandling.

HVO vurderer at arbeidslivsrelevansen i studia er monaleg styrkt i 2025. Særleg lukkast institusjonen godt med å kople tunge nasjonale satsingar direkte til regionale partnerskap. Prosjekta innan inkludering viser at innovasjon ved HVO handlar om langt meir enn teknologi, og at modellane for sosial berekraft som er utvikla saman med partnarkommunar (som Vestnes og Rauma), har stor overføringsverdi. Samtidig er det ei kjend utfordring at regional samskaping er langsiktig tillitsbygging som krev strategisk uthald, og som ikkje nødvendigvis gir umiddelbare utslag i auka søkjartal.

3.2.3.2 Styringsparameter 11: Utvikle meir praksisnære utdanningar, og auke omfanget av og ambisjonsnivået på fagleg utvikling og forskning i samarbeid med praksisfeltet.

Høgskulen i Volda har i 2025 arbeidd systematisk for å kople utdanning, yrkesfelt og forskning tettare saman. Målet er å sikre at studieporteføljen speglar den faktiske røyndomen i arbeidslivet, og at praksisfeltet i større grad blir nytta som ein aktiv arena for vitskapleg utvikling.

Resultat og aktivitetar i 2025:

- **Gjensidig kunnskapsflyt:** Auka bruk av kombinerte stillingar og hospiteringsordningar har sikra tettare kontakt mellom HVO og profesjonsfelta. Undervisninga er også supplert med systematisk bruk av bransjetreff, gjestelærarar og reelle eksterne oppdrag.
- **Internasjonal forskingspraksis:** HVO har løfta det internasjonale samarbeidet frå reine studentutvekslingar til å inkludere aktiv datainnsamling under utanlandspraksis, noko som styrkjer den vitskaplege forankringa i profesjonsutviklinga.
- **FoU sprunge ut av praksis:** Det tette forholdet til yrkesfeltet har i 2025 resultert i etableringa av fleire konkrete forskningssamarbeid, særleg innan museumsforskning og folkehelse.
- **Administrativ profesjonalisering:** Studieadministrasjonen er styrkt for å sikre betre kvalitet i avtaleverk og smidigare koordinering av praksisperiodane.

HVO vurderer at utdanningane er blitt monaleg meir praksisnære. Ein låg terskel for dialog med yrkesfeltet har gitt ei betre felles forståing av forventningar, og studentane melder at undervisninga blir opplevd som svært relevant. Samtidig ser HVO at djuptgåande praksissamarbeid er ressurskrevjande og i for stor grad kviler på engasjementet til einskildpersonar. For å nå ambisjonen om å omsetje endå fleire praksiserfaringar til større forskingsprosjekt vil HVO i tida framover prioritere å institusjonalisere og forankre desse relasjonane endå tydelegare i planverket.

3.2.3.3 Styringsparameter 12: Prioritere berekraft i både utdanning, forskning, utvikling og drift.

Høgskulen i Volda har i 2025 arbeidd med berekraft langs to hovudaksar: grøn omstilling i bygningsmasse og undervisning kombinert med strenge strukturelle prioriteringar for å sikre langsiktig økonomisk berekraft.

Resultat og aktivitetar i 2025:

- Grøn drift og infrastruktur: Det er gjennomført tunge investeringar i energieffektivisering, mellom anna ved etablering av fleire energibrønner på campus. Det er lagt til rette for grøn mobilitet med låsbart sykkelhotell og overgang til elbilar. Systematisk ombruk av møblar er no standard ved alle ombyggingar.
- Økonomisk berekraft: For å tilpasse drifta til rammene har avdelingane teke grep som alternering av emne i bachelorgradene (køye emne annakvart år) og redusert reiseaktivitet. Det blei også gjennomført ei kartlegging av kontorbruk for å leggje grunnlag for meir effektiv arealbruk i framtida.
- Fagleg integrering: Det er etablert ei eiga forskingsgruppe for berekraft og øyremerk ei stipendiatstilling til tematikken.
- Samfunnsrelevans: Utdanningane er kopla tettare på berekraftige samfunnsutfordringar gjennom nye samarbeid med eksterne aktørar, som Atlanterhavsparken (akvariet) i Ålesund.

HVO vurderer at ein har lukkast godt med å operasjonalisere berekraftsombegrepet til konkret handling. Energiltaka gir direkte utslag i redusert miljøfotavtrykk og lågare driftskostnader. Det høge kostnadsmedvitet i avdelingane, eksemplifisert gjennom emnealternering og streng areal- og tilsetjingsstyring, vitnar om ein organisasjon som tek ansvar for institusjonen si økonomiske bereevne. Analysen syner samtidig at den faglege integreringa varierer mellom utdanningane. For å hente ut det fulle potensialet ser HVO behov for at berekraft i endå større grad blir nytta som ei samlande ramme for tverrfagleg utvikling, heller enn at det blir eit tema som blir handsama isolert i einskildemne.

3.3 Rapportering på midlar tildelte over andre budsjettpostar

Tildelt over kap. 231 post 21 – Barnehagelærerutdanning

Høgskulen i Volda fekk i tildelingsbrevet for 2025 tildelt 2 150 000 kr til å styrkje barnehagelærerutdanningane. Midlane er nytta til å styrkje samarbeidet mellom ulike kunnskapsområde, slik at fagdisiplinar kan dra nytte av kvarandre og utvikle tverrfaglege løysingar. Samtidig legg ein til rette for tettare kontakt mellom utdanninga og praksisfeltet, slik at studentar får relevant og oppdatert erfaring og fagmiljøa kan dra nytte av innspel frå yrkesfeltet. Dette arbeidet involverer både vitenskapleg og administrativt tilsette, studentar og praksislærarar.

Tildelt over kap. 226 post 21 og 22 – Vidareutdanning for lærere

Forvaltninga av midlar som er knytte til utvikling og finansiering av vidareutdanningstilbod retta mot barnehagar og grunnopplæring, blei i 2025 endra til øyremerkte løyvingar.

Det blei totalt tildelt **5 776 000 kr**, fordelt med **3 749 000 kr** til vidareutdanning for lærarar i grunnopplæringa og **2 027 000 kr** til vidareutdanning for barnehagelærarar. Midlane er nytta til å vidareføre og drifte eksisterande vidareutdanningstilbod og dessutan sikre gjennomføring av studietilboda i tråd med føresetnadene for tildelinga.

Parallelt med dette er det sett i gang arbeid med justering og vidareutvikling av studietilbodet, basert på dialog med regionen om etterspurnad og behov



Del IV: Styring og kontroll i verksemda

Høgskulestyret er det øvste organet ved Høgskulen i Volda (HVO) og har det overordna ansvaret for den samla verksemda ved HVO, medrekna strategi, ressursfordeling og rapportering. Styret skal passe på at høgskulen etterlever lover og reglar, og at føringar og krav frå departementet blir følgde opp.

Leiingsmodellen ved HVO har vald rektor og tilsett direktør. Rektor er styreleiar, medan direktøren leier den samla administrative verksemda. Styreinstruksen og instruksen for dagleg leiing har i 2025 blitt oppdatert, både etter HVOs behov og i tråd med revisjonen av universitets- og høgskulelova av 2024.

Styringsmodellen til HVO er basert på målstyring, og dette blir sett i samanheng med sektormåla som departementet har fastsett.

Del 1: Rapportering om styring og kontroll

Høgskulen i Volda gjennomførte i 2024 ei fornya vurdering av behovet for internrevisjon. Det blei då gjennomført ein risikoanalyse som identifiserte nokre risikoområde som vi har hatt jobba målretta med i 2025. Dette gjeld mellom anna vidareutvikling av rutinar og system for handtering av BOA-prosjekt (bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet) og dessutan avklaringar kring delegasjonsreglementet. HVO har i 2025 utarbeidd ein oppdatert styringsinstruks og eit tydelegare delegasjonsreglement for heile styringslinja i organisasjonen.

HVO har etablerte system, rutinar og tiltak for internkontroll med vekt på faktorar som går fram av Bestemmelser om økonomistyring i staten punkt 2.4. Det blir gjennomført internkontroll og oppfølging av eventuelle avvik. I 2025 har ein arbeidd med å implementere føringane i retningslinjene for internkontroll i HVOs aktivitetar og prosessar og å skape ytterlegare medvit om internkontroll i organisasjonen. HVO har generelt god styring og kontroll i verksemda, og vi arbeider kontinuerleg med vidareutvikling av rutinar og system for rapportering og kvalitetskontroll.

I 2025 har HVO etablert rutinar for tertialvis gjennomgang av rekneskap, budsjett og prognosar i tett dialog med avdelingane. Denne dialogen gir betre styring og kontroll, slik at vi kan gjere nødvendige justeringar undervegs i budsjettåret og justere aktivitetsnivået for å nyttiggjere ressursane best mogeleg i høve til dei ulike parametrane vi styrer etter.

Det er elles etablert gode rutinar for å sikre at ein overheld lover og reglar, og rutinane blir oppdaterte fortløpande for å ivareta nye pålegg og endringar som må takast omsyn til.

Rekneskapen er registrert etter gjeldande prinsipp i dei statlege rekneskapsstandardane (SRS), og HVO har gode rutinar for å sikre at rekneskapen blir gjort etter reglane om økonomistyring i staten.

Høgskulen i Volda har ikkje motteke merknader frå Riksrevisjonen i 2025.

Kvalitetssystemet ved Høgskulen i Volda

På utdanningsområdet blei kvalitetssystemet ved HVO evaluert og godkjent av Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) i 2022. Neste runde med NOKUTs periodiske tilsyn med HVOs systematiske kvalitetsarbeid finn stad i perioden 2028–2030.

I 2025 har HVO nedsett ei arbeidsgruppe som skal vidareutvikle dagens kvalitetssystem for å sikre at det er relevant, velfungerande og godt forankra i verksemda, og at systemet bidreg til å utvikle kvaliteten i utdanningane våre på ein god måte. Arbeidsgruppa skal vurdere behov for tilpassingar i lys av ny universitets- og høgskulelov og universitets- og høgskuleforskrift og dessutan vurdere justeringar i lys av NOKUTs siste evaluering. Vidare vil gruppa undersøkje dagens revisjonsprosessar, eksisterande malverk og retningslinjer for å vurdere om det er mogeleg å forenkle og effektivisere desse utan å fråvike krav i lov og forskrift.

Det blir elles arbeidd godt med periodisk studieprogramevaluering og det kontinuerlege kvalitetsarbeidet i organisasjonen.

Del 2: Rapportering på andre føresetnader og krav

Oppfølging av Strategi for digital omstilling

Ved Høgskulen i Volda er arbeidet med den digitale omstillinga forankra hos leiinga på alle nivå, og vi har god oversikt over data og digitale løysingar som verksemda vår forvaltar og har ansvaret for. HVO jobbar målretta med informasjonssikkerheit og personvern, og i organisasjonen er det stor merksemd om lovverket knytt til deling og samhandling.

HVO arbeider systematisk med å auke den digitale kompetansen til studentane innan dei ulike fagdisiplinane, og fagmiljøa legg til rette for studentane mellom anna ved å standardisere digitale emnerom. HVO er elles langt framme med å nytte digital teknologi for å gi fleire tilgang til høgare utdanning.

HVO sette i 2025 ned ei tverrfagleg gruppe som skal arbeide med universell utforming ved høgskulen. Ei av dei prioriterte oppgåvene er kontinuerleg opplæring internt, både i regelverk og korleis ein skal bruke digitale verktøy på rett måte i undervisninga.

Kunstig intelligens (KI) har vore eit gjennomgåande tema i kompetansehevinga. HVO prioriterer kollektive opplæringstiltak framfor individuelle kurs, og biblioteket har justert sine kurs i informasjonskompetanse for å møte nye behov. Fleire fagmiljø har teke i bruk nye eksamensformer, som mappevurdering og munnleg eksamen, for å tilpasse vurderingspraksisen til ein røyndom med generativ KI. Vidare er satsinga på likeverdige tilbod til campus- og nettstudentar vidareført gjennom fysiske og digitale kurs i akademisk skrivning.

HVO har i tillegg nedsett ei arbeidsgruppe som skal sjå på utfordringar og moglegheiter med felles rammer og oppdaterte retningslinjer for bruk av kunstig intelligens. Arbeidet til gruppa gjeld bruk av KI i undervisninga og som eit arbeidsverktøy for tilsette og dessutan bevisstgjerings rundt utfordringane dette verktøyet gir oss med tanke på dei ulike evalueringsformene vi nyttar.

Gjennom støttetenesta og læringsressursen Læringsverkstaden har HVO lagt godt til rette for å styrkje underviserane sin utdanningsfaglege digitale kompetanse. Læringsverkstaden og fagmiljøa ved HVO har også eit samarbeid. Ved Læringsverkstaden blir også studentane inviterte inn til å involvere seg i utviklinga av digital undervisning og digitale læringstilbod. Læringsverkstaden fungerer dermed som ein arena for erfaringsdeling og ein stad for å utvikle ein felles praksis rundt bruken av digital teknologi hos både studentar og tilsette.

Avsetningar

HVO har ved utgangen av 2025 bokført avsetningar på løyvingfinansiert verksemd på 51,7 mill. kroner. Samanlikna med tala for 2024, der totale avsetningar låg på 47,4 mill. kroner, gir dette ein total auke i avsetningane for løyvingbasert verksemd med 4,3 mill. kroner.



Feiring i juni av at HVO skal delta i eit prestisjefyllt nasjonalt senter for kunstig intelligens. Bak frå venstre: forskningssjef Henriette Hafsaas, konst. høgskuledirektør Oddrun Rangseter og rektor Odd Helge Mjellem Tonheim. Til høgre: ordførar Sølvi Dimmen og digitaliseringsleiar Paul Ottar Tornes frå Volda kommune. Framme frå venstre: HVO-forskarane Andreas Brandsæter, Siv M. Gamlem og Runar Lie Berge.

Både i budsjett og prognosane for 2025 var det ei forventning om å bruke av tidlegare avsetningar. Men med auka kontroll, tøffe prioriteringar og restriktiv tilsetjingspolitikk har HVO klart å redusere den forventta kostnadsbruken. HVO meiner likevel at dette ikkje påverkar måloppnåinga for 2025, men det vil gi HVO litt betre tid til å kunne omstille seg til ein tøffare økonomisk kvardag dei komande åra.

HVO har gjennomført færre investeringar enn planlagt for 2025. Dette kjem både av kapasiteten hos IT-eininga, som har vore prega av fleire vakante stillingar, og prosjekt hos eigedomseininga der vi er avhengige av andre partar for å kunne gjennomføre oppdraga. Men planane er klare, og vi forventar auka aktivitet i 2026. Styret vil få ein oppdatert langsiktig investeringsplan til godkjenning i mars 2026.

Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

HVO er sertifisert som Miljøfyrtårn, og dette arbeidet er kontinuerleg og langsiktig. Geografi medfører likevel at HVO har stor reiseaktivitet med både fly og privatbil, og vi har difor utarbeidd ein reisepolicy der reiser skal dokumenterast som nødvendige og vere avtalte med leiar.

Fire av dei seks bilane som HVO eig, er elektriske, og vi har to sykkelhotell med lademoglegheiter tilgjengeleg på campus for studentar og tilsette. Det er lagt til rette for sortering av søppel i alle bygg, og ein kjeldesorterer matavfall saman med kantina. Grøne innkjøp og gjenbruk blir prioritert der det er mogleg. Delar av uteområdet er blomstereng, vi har etablert biehottell, og det er laga sandvolleyballbane som eit tiltak for å leggje til rette for aktivitet. Energibrønner er etablerte i tilknytning til to av bygga, vi har skifta ut radiatorar, og det er sett inn varmpumper. To av bygga våre har solceller.

Hausten 2025 byrja vi eit arbeid med å kartleggje kontorbruken for å kunne vurdere bruken av eksisterande areal framover.

Tilsetjing av personar med funksjonsnedsetjing eller høl i CV-en

Tilsetjingsorgana ved Høgskulen i Volda skal vurdere alle søkjarar med funksjonsnedsetjing eller høl i CV-en. Alle utlysingstekstar er retta også mot denne gruppa, og søkjarar blir oppmoda om å krysse av i denne kategorien dersom det er aktuelt. Alle kandidatar som har kryssa av for denne kategorien, blir kalla inn til intervju dersom dei elles er kvalifiserte til stillinga.

Det blei i 2025 tilsett 52 personar gjennom ordinær utlysing, og éin av desse hørde til denne gruppa. I 2024 blei det tilsett 59 personar, og 2 av dei tilhørde den aktuelle gruppa.

Konsulentbruk

Høgskulen i Volda har ei bevisst haldning rundt bruk av konsulentar, og ein prøver å halde konsulentbruken på eit lågt nivå. 2025 var likevel eit unntaksår i så måte grunna ein utfordrande situasjon i toppleinga ved høgskulen. I samband med leiaraskiftet våren 2025 oppstod det behov for å styrke samhandlinga mellom nivåa i organisasjonen, noko ein gjennom året har brukt tid og ressursar på å arbeide med. Styret leigde mellom anna inn ein organisasjonspsykolog som bistod på høgskulen fram til april 2025 og i 3-4 oppfølgingsmøte i etterkant.

I tillegg brukte HVO innleigde juridiske tenester for å kome fram til ei minneleg løysing i denne situasjonen. Eksterne juridiske tenester er òg nytta i oppfølgingsarbeidet i etterkant av denne saka. Desse sakene har utgjort eit nødvendig ryddearbeid, men dette meiner vi er eit eingongstilfelle knytt til ei svært uvanleg sak.

Utgifter til konsulentbruk er derimot redusert frå 2024 til 2025. Tenestene vi nyttar til kommunikasjon, går til ekstern drift og systemoppgradering av nettstad, marknadsføring og studentrekrutteringskampanjar. Her har vi no laga kampanjeløp for tre år om gongen, slik at vi ikkje må lage nytt materiale kvart år.

Den ordinære konsulentbruken viser altså ein nedgang frå 2024 til 2025, noko vi meiner er ein trend som vil halde seg også i 2026.

Sikkerheit og beredskap

Høgskulen i Volda jobbar systematisk med sikkerheit og beredskap, og vi har gode rutinar for å utarbeide og følge opp risikovurderingar for dei ulike aktivitetane ved HVO. Vi har også styrkt involveringa frå leiinga på dette området.

I 2025 er det gjort ein grundig gjennomgang og revisjon av den overordna risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS) for HVO. Denne revisjonen identifiserte nokre kritiske område som vi har jobba vidare med og utarbeidd tiltak for:

- kartlegging av eigne verdiar og avhengnader med tanke på nasjonal sikkerheit
- sentrale utfordringar som digitale trugslar, uønskte hendingar ved arrangement og organisatoriske sårbarheiter
- bortfall av infrastruktur som resultat av ekstremvær
- handtering og oppfølging av brot på forskningsetiske retningslinjer som kan skade HVOs omdøme og samarbeid med andre, både nasjonalt og internasjonalt

Bruk av sikresiden.no i arbeid med ROS, opplæring og øvingar er dokumentert.

Kontinuitetsplanen er oppdatert og sett i samanheng med sikkerheitsarbeidet.

Informasjonssikkerheit og personvern

Arbeidet med å få på plass eit heilskapleg styringssystem for sikkerheit og beredskap har ikkje kome i gang som planlagt på grunn av utskifting av nøkkelpersonell innan IT og sikkerheit. Arbeidet blir starta opp i løpet av våren 2026. Etablering av rolla som CSO/CISO vil vere eit viktig bidrag i dette arbeidet.

HVOs personvernombod sa opp og slutta i stillinga si ved IT-eininga hausten 2025. I etterkant av dette blei ein jurist i staben til høgskuledirektøren tilsett i ei delstilling som personvernombod. Dette er eit grep for å gjere ombodsrolla meir uavhengig frå dei miljøa som arbeider aktivt med personvern. I oktober 2025 blei sikkerheitsmånaden gjennomført, mellom anna med ein grunnleggjande leksjon om personvern og kva tilsette bør vite om personvern og personopplysningar. Operativt har det vore auka merksemd på personvernkultur i organisasjonen. I fjerde kvartal er det lagt særleg vekt på Studieadministrasjonen, som handsamar store mengder personvernopplysningar. I tillegg arbeider HVO no med å lage ein bank av ressursar om personvern (presentasjonar, videoar osv.) som kan gjere studentane våre i stand til å ta gode avgjerder knytt til forskingsprosjekta sine.

Regelverkskompetanse

Høgskulen i Volda har forholdsvis god tilgang på juridisk kompetanse, både i dei fire avdelingane og i Fellesadministrasjonen, der både HR-eininga og Studieadministrasjonen har tilsett eigne juristar. I tillegg har HVO tilsett ein jurist direkte under leiinga som har det overordna oppsynet med at høgskulen operer innanfor regelverket, og som gir råd og rettleiing om handlingsrom og rettar og pliktar i dei ulike prosessane høgskulen arbeider med.

I tillegg til tilsette med juridisk utdanning er det gjennomført kursing av andre administrativt tilsette, mellom anna knytt til regelverkskompetansen innan offentlege anskaffingar. Vi ser også eit generelt behov i det komande året for å auke kompetansen innan kontrakts- og avtalerett, spesielt knytt til økonomisk oppdragsaktivitet som HVO vil ha framover.

Krav ved inngåing av leigeavtar

Høgskulen i Volda har hovudtyngda av leigeavtalane sine med Statsbygg. I tillegg har vi mindre leigeavtar som vil gå ut om få år. HVO er i prosess med å vurdere behovet for nye kontor og gjennomfører fleire kartleggingar kring dette. Dette går både på kostnadseffektivisering og arealeffektivisering. HVO er innforstått med regelverket kring eventuelle nye leigeavtar, og vi vil ta inn Statsbygg som konsulent ved større leigeavtar.



Del V: Vurdering av framtidsutsikter

Ambisjonar og samfunnsoppdrag

Høgskulen i Volda (HVO) går inn i ein periode kjenneteikna av strammare økonomiske rammer og demografiske endringar, noko som gjer at vi for 2026 styrer etter eit overgangsbudsjett. Høgskulen si vurdering er at HVO sin eigenart som ein profesjonsretta høgskule med eit nasjonalt leiande miljø innan media, samfunnsfag og humaniora gjer oss til ein kritisk del av den nasjonale infrastrukturen for totalberedskap, demokrati og berekraft. Dei langsiktige ambisjonane er å styrkje denne posisjonen gjennom spissing av porteføljen og målretta rekruttering. For HVO handlar dette om å oppretthalde posisjonen vår som ein attraktiv studiestad med stabile studenttal gjennom å vidareutvikle eit godt og levande studiemiljø. Samtidig skal vi sikre ei kvalitativ styrking av dei fagmiljøa som leverer samfunnskritisk kompetanse: lærarar som byggjer beredskap i klasserommet, sosialarbeidarar som sikrar velferda, og mediefolk som vernar om den opplyste offentlegheita.

HVO opplever, i likskap med resten av sektoren, rekrutteringsutfordringar for både tilsette og studentar. Samtidig syner NAV si bedriftsundersøking for Møre og Romsdal (2025) at det framleis er kritisk mangel på arbeidskraft i regionen, særleg innan helse- og omsorgssektoren og i velferdsyrka. For å møte denne ubalansen med «demografisk realisme» arbeider no ei eiga gruppe ved HVO med ein heilskapleg gjennomgang av studieporteføljen. Gruppa tek utgangspunkt i samfunnet sine behov og skal vurdere behov for konsolidering, vidareutvikling eller avvikling av tilbod for å sikre meir robuste fagmiljø. For å dimensjonere utdanningstilbodet framover vurderer HVO konkrete grep som samanslåing av emne og innføring av syklusar der valemne og enkelte årsstudium blir lyste ut annakvart år. Slik alternering og samanslåing frigjer ressursar til å skape større studentgrupper og meir relevante studietilbod, særleg retta mot lærarutdanningane og velferdsfaga. Arbeidet skal leverast til Høgskulestyret i juni 2026 og vil gi eit betre datagrunnlag for å fatte strategiske vedtak som sikrar at vi utdannar for den samfunnskritiske kompetansen regionen og landet manglar.

Organisasjonsmodell for ei berekraftig utvikling

For å møte eit meir krevjande økonomisk bilete og demografiske endringar er det overordna målet vårt å lage ein betre og meir heilskapleg organisasjonsmodell for berekraftig utvikling. Høgskulen i Volda skal sikre at den faglege og administrative strukturen støttar optimalt opp under kjerneoppgåvene, slik at vi framleis kan levere utdanning og forskning av høg kvalitet og med sterk samfunnsrelevans.

Leiinga har sett i gang eit arbeid som skal dimensjonere og vidareutvikle studieporteføljen opp mot samfunnsbehova, samtidig som ein greier ut alternative og meir berekraftige modellar for avdelings- og organisasjonsstrukturen vår.

For å unngå unødige byråkrati og lette kvardagen for fagmiljøa blir styringsdokument og kvalitetssystemet forenkla slik at prosessane blir meir gjennomsiktlige, effektive og funksjonelle. Dette strategiske løftet inkluderer også nødvendige tilpassingar til ny universitets- og høgskulelov, utarbeiding av felles retningslinjer for trygg og kvalitetsfremjande bruk av kunstig intelligens (KI) i utdanning, forskning og administrasjon og dessutan utvikling av karriereløp. Alt dette arbeidet peikar mot eitt felles resultat: ein framtidsretta høgskule som prioriterer ressursane der dei gir størst verdi for studentane og samfunnet.

Strategiske partnerskap og ny utviklingsavtale

Framtida til Høgskulen i Volda ligg i å levere forskning og utdanning av høg kvalitet. Nasjonalt inneber dette at fagmiljøa, gjennom deltakinga i sentera for kunstig intelligens (KI) og for norsk fagspråk, knytter seg tettare opp mot tunge universitetsmiljø.

Regionalt vil HVO vidareutvikle samarbeidet med kommunar, fylkeskommunen og lokalt næringsliv. Gjennom målretta deltaking i strategiske arenaer som Kompetanseforum Møre og Romsdal og Volda Næringsforum tek HVO ei tydeleg rolle i den regionale kompetanseutviklinga.

For å stimulere til auka innovasjon og samhandling mellom studentar, gründerar og offentleg sektor vil vi også arbeide vidare med trepartsavtalen med Volda kommune og Norsk Innovasjonssenter AS (NIAS). Arbeidet med regional samhandling inneber samtidig eit strategisk blick på møteplassar knytte til campus og framtidig arealbruk.

Arbeidet med ein ny utviklingsavtale fell naturleg saman med HVO sitt pågåande arbeid med ein ny overordna tiårsstrategi frå 2026.

Målet med strategiarbeidet og utarbeiding av treårige rullerande handlingsplanar er å skape meir funksjonelle styringsdokument som svarer direkte ut den komande utviklingsavtalen og sektormåla frå Kunnskapsdepartementet. Med tyngdepunkt innan media, lærarutdanning og samfunnsfag ønskjer HVO å utforske korleis vi gjennom utdanning og forskning kan bidra til å styrkje den sivile motstandskrafta, verne om demokratisk infrastruktur og sikre ansvarleg omstilling.

Campusutvikling

Vidareutvikling av gode arenaer for læring og sosiale soner for studentane vil bli prioritert framover. Høgskuleområdet skal vere moderne og funksjonelt og vise fram Høgskulen i Volda for potensielle studentar. Vi har eit ope campus som er tilgjengeleg for studentar og tilsette, og campusen knyt HVO tettare på samfunnet rundt høgskulen.

Dette skal skje på ein måte som tek omsyn til klima og miljø. HVO har fleire pågåande prosjekt som bidreg til auka berekraft i framtida. Døme på dette er energieffektivisering ved hjelp av brønnvarme, betre utnytting av eksisterande bygningsmasse og å auke graden av avfallssortering. I etterkant av kartlegginga av arealbruken har vi innført booking-kontor for å optimalisere bruken av kontor som i kortare eller lengre tidsrom ikkje er i bruk.

På grunn av den økonomiske utviklinga er det ikkje planlagt noko større investeringsprosjekt dei nærmaste åra.

I løpet av den neste treårsperioden vil HVO miste kontorareal på grunn av planlagd riving av fleire mindre bygg som ligg på kommunal grunn. I 2026 vil vi difor kartleggje våre eigne kontorbehov for å kunne føreta gode vurderingar av eventuelle behov for å leige ekstra lokale for å erstatte det som blir fjerna, eller om vi kan optimalisere kontorbruken i eksisterande bygg slik at vi slepp å gå ut på leigemarknaden.

Løyvingsfinansiert verksemd

Høgskulen i Volda fekk tildelt 451 mill. kroner i løyving frå Kunnskapsdepartementet over statsbudsjettet for 2026. Dette er ein nedgang på om lag 2 mill. kroner (0,4 %) samanlikna med 2025. Korrigert for pris- og lønsvest på 16,3 mill. kroner utgjer realnedgangen om lag 18,2 mill. kroner. Nedgangen skuldast i hovudsak utfasing av studie-plassar tildelte gjennom Utdanningsløftet i 2020 (–9,0 mill. kroner), redusert resultatbasert uttelling (–5,3 mill. kroner) og inndekking til omprioriteringar i sektoren (–5,1 mill. kroner).

Disposisjonsbudsjettet for 2026 viser eit planlagt overforbruk på 4,8 mill. kroner utover den tildelte ramma. Tidlegare avsetningar vil bli nytta for å dekkje differansen. Ved utgangen av 2026 er det planlagt at HVO skal sitje att med ei avsetning på 9,4 mill. kroner. På grunn av nedgangen i den tildelte løyvinga er store delar av midlane som tidlegare blei nytta til satsingar og investering, overførte til drift. For 2026 er det sett av 3,1 mill. kroner til strategiske satsingar og 9,3 mill. kroner til investeringar (inkl. bruk av tidlegare avsette midlar). Arbeidet fram mot budsjettet for 2027 vil vere å tilpasse drifta til ei ny økonomisk røynd, slik at ein kan prioritere midlar som mogleggjør naudsynte investeringar og viktige prioriteringar og satsingar.



Del VI: Årsrekneskap 2025

Leiingskommentar 2025 Høgskulen i Volda

1. Stadfesting

Rekneskapen gir eit dekkande bilete av den økonomiske verksemda i samsvar med regelverk om økonomistyring i staten, rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå Kunnskapsdepartementet, med opplysning om eventuelle avvik. Rekneskapen er registrert etter gjeldande prinsipp i dei statlege rekneskapsstandardane (SRS) og presentert etter rekneskapsmal for UH-sektoren.

Det vert stadfesta at rekneskapen gir eit dekkande bilete av verksemda.

2. Avvik mellom periodisert budsjett og rekneskap, inkludert omtale av økonomisk drift

Rekneskapsåret 2025 har vore eit år med høg aktivitet både med undervisning og forskning. Organisasjonen har elles teke inn over seg dei endringane sektoren står overfor, og dei utviklingsområda som må fokuserast på vidare.

HVO enda for rekneskapsåret 2025 på eit positivt driftsresultat på 5,6 mill. kroner noko som er 1,3 mill. kroner under budsjett. HVO har hatt høgt fokus på økonomisk styring og utarbeiding av prognosar, og traff dermed godt på årets resultat. Vi har sjølvstøtt avvik på enkelte postar, men totale driftsinntekter og driftskostnader viser små avvik mot budsjett. Investeringsane held seg på omtrent det same nivået som fjoråret, men med litt lågare aktivitet enn planlagt.

Driftsinntektene for 2025 ligg på 513,8 mill. kroner mot eit budsjett på 514,8 mill. kroner, eit avvik på 1 mill. kroner. Sjølv om den totale avviket er lågt, så har HVO avvik på den enkelte inntektslinje. Inntekt frå løyving ligg høgare enn budsjett (3,6 mill. kroner) og skuldast auka løyving til øyremarka midlar. I tillegg hadde vi lågare investeringar og avskrivningar enn budsjettet. Inntekt frå tilskot og overføringar viser eit negativt avvik mellom rekneskap og budsjett (7,0 mill. kroner) og skuldast lågare bidragsinntekter enn forventa. Vi har eit positivt avvik på sals- og leigeinntekter (2,3 mill. kroner) som skuldast høgare oppdragsaktivitet enn forventa.

I forhold til 2024-rekneskapen har totale driftsinntekter gått ned frå 523,1 mill. kroner i 2024 til 513,8 mill. kroner i 2025 (9,4 mill. kroner) som skuldast i det vesentlegaste ein reduksjon i inntekt frå tilskot og overføringar (10,0 mill. kroner). Dette gjeld mellom anna midlar til vidareutdanning for lærarar som for hausten 2025 blei tildelt som øyremarka midlar under løyving. I tillegg har HVO ei generell nedgang i bidragsprosjekt. HVO ligg framleis svært lågt på BOA-inntekter knytt til NFR- og EUprosjekt, men i løpet av 2025 har vi fått inn to større NFR prosjekt, som vi først vil sjå full effekt av i 2026. Oppdragsverksemd held seg stabil frå 2024 til 2025.

Totale driftskostnader for 2025 blei på 508,2 mill. kroner mot et budsjett på 507,9 mill. kroner som gir eit marginalt avvik på 0,3 mill. kroner. HVO treff med andre ord godt på eit totalnivå i høve budsjett, men også her har vi avvik på enkelt postar. Løn og sosiale kostnader ligg t.d. under budsjett med heile 4,6 mill. kroner, medan vi på driftskostnader har eit meirforbruk på 6,6 mill. kroner i høve til budsjett. Avskrivningane ligg derimot lågare enn budsjett med 1,7 mill. kroner, grunna færre gjennomførte investeringsprosjekt.

Avviket på løn og sosiale kostnader skuldast ei heller restriktiv linje med å tilsette i vakante stillingar og at ein har vore forsiktig med å hyre inn vikarar ved sjukefråvær. Avviket på driftskostnader skuldast høgare kostnader særleg knytt til eigedom, her under leigekostnader, brukaravhengig driftskostnader (BAD kostnader) og reinhald. Lågare avskrivningar skuldast at mykje av IT-utstyret som vart investert til Sivert Aarflot-huset no er ferdig avskrive.

HVO har ein auke i høve andre driftskostnader i 2025 samanlikna med 2024 (2,1 mill. kroner) noko som i hovudsak skuldast ein naturleg prisauke på fleire tenester. Organisasjonen har med andre ord justert aktivitetsnivået til ein

strammare økonomisk kvardag. Styret og leiinga ved HVO ser på den økonomiske situasjonen som tilfredsstillande ut frå rekneskapstala for 2025, men realnedgangen i løyvinga dei siste åra gjer at høgskulen også i det vidare må arbeide hardt for å auke dei eksterne inntektene og tilpasse organisasjon og aktivitetsnivå til dei økonomiske realitetane.

3. Utvikling i avrekna løyvingsfinansiert verksemd

HVO har ved utgangen av 2025 bokført avsetningar på løyvingsfinansiert verksemd på 51,7 mill. kroner. Samanlikna med 2024-tal der totale avsetningar låg på 47,4 mill. kroner, gir dette ein total auke i avsetningane for løyvingsbasert verksemd med 4,3 mill. kroner.

Avsetningane for 2025 er på eit tenleg nivå i høve til strategi, årsplan og langtids investeringsplanen.

Avsetninger til andre formål og investeringer fra løyvingsbasert verksemd	Løyving for 2025	Avsetning pr. 31.12.2025 i kr	Avsetning pr. 31.12.2025 i pst.
Avsetninger til andre formål	461 258	23 063	5,0 %
Avsetninger til investeringer	461 258	28 653	6,2 %
Sum avsetninger løyvingsbasert verksemd	461 258	51 715	11,2 %

Som tabellen over viser vil HVO sette av 5 % av total løyving, det vil seie 23,1 mill. kroner, til andre føremål. Avsetningane over 5 % er avsett til investeringar og ligg ved årsskiftet på 28,7 mill. kroner, som er ei auke frå 2024 på 4,3 mill. kroner. I tillegg til å finansiere dei overordna aktivitetane i HVO sin strategi og utviklingsplan vil midlane i all hovudsak nyttast til nødvendige IT investeringar og HVO sin campusutviklingsplan. HVO sin langsiktige investeringsplan er oppdatert og vil leggst fram for styret for godkjenning saman med 2025-rekneskapen.

Både i budsjett og prognosane for 2025 var det ei forventning om å bruke av tidlegare avsetningar. Men med auka kontroll, tøffe prioriteringar og restriktiv tilsettingspolitikk, har HVO klart å redusere forventa kostnadsbruk. Dette gir HVO litt betre tid til å kunne omstille seg til ein tøffare økonomisk kvardag dei komande åra.

Avsetningane til andre føremål skal brukast til HVO sine langsiktige strategiske planar. HVO har i 2025 starta på arbeidet med å utarbeide ny strategiplan for 2026-2036. Det skal deretter utarbeidast rullerande 3-årige handlingsplanar som skal oppdaterast årleg. I tillegg til arbeidet med ny strategi, er ein i gang med arbeidsgrupper som mellom anna skal sjå på studieporteføljen og organiseringa av HVO framover. Ein kvar endringsprosess vil ha behov for ein form for finansiering, og avsetningane til HVO vil bidra til at vi kan få gjennomført desse prosessane, med mål å kome styrka ut av dei både organisatorisk og økonomisk. Eit nytt ERP system for HVO vil og medføre behov for ekstra midlar i implementerings fasen.

HVO har hatt to år med relativt store reduksjonar i løyvinga si, og dette har heile organisasjonen merka seg. Nedskalering og bortfall av studieplassar og stipendiatstillingane som HVO fekk tildelt i RNB 2020, er no i slutfasen. Denne nedskaleringa og ei negativ utvikling i produksjonen har hatt stor påverknad på løyvinga til HVO dei siste åra. Også eksterne prosjektinntekter har hatt ei negativ utvikling. HVO jobbar for å snu denne trenden, men det er viktig at vi samtidig gjennomfører nødvendige tiltak for å tilpasse drifta til denne økonomiske situasjonen. Vi meiner vi har god kontroll, men vi må vere tett på aktivitetane og halde fram med god økonomisk oppfølging og gjere nødvendige prioriteringar for å halde økonomien på HVO i balanse.

4. Gjennomførte investeringar og planlagde investeringar i seinare periodar

Totalt er det bokført investeringar for 13,0 mill. kroner i 2025. Investeringane har i stor grad gått til planlagt oppgradering og vedlikehald på høgskulen. Vi ligg bak på nokon planlagde investeringar der vi er avhengige av Statsbygg for å setje i gang, og som gjer at eigedom overfører avsette midlar til investeringar til 2026. IT har og ubrukte investeringsmidlar grunna utsette prosjekt som skal gjennomførast i 2026. Totale ubrukt investeringsmidlar frå 2025 ligg på 6,5 mill. kroner. Budsjettet for 2026 legg opp til å bruke 15,7 mill. kroner til investeringar inkludert dei unytta midlane frå 2025. HVO sin langsiktige investeringsplan vil bli framlagt for styret for godkjenning i mars 2026. Siste godkjende langsiktige investeringsplan vart godkjent av styret i mars 2025. Langtidsplanen som no er utarbeidd er i tråd med KD si vegleiing og tidlegare tilbakemeldingar. Investeringsbehovet og prioriteringane er vurdert ut frå campusutviklingsplanen som vart vedteken av høgskulestyret i 2020, dei digitale forventningane og «orden i eige hus», i tillegg til strategi og planlagt aktivitet.

Dei neste åra vil desse investeringane verte prioritert:

- Oppgraderingar kring undervisningslokale og spesialrom
- IT-investeringar knytt til oppgraderingar og utvikling i høve til IKT-måla i sektoren
- Etablering av gode fellesareal for studentane, både inne og ute
- Generelle oppgraderingar og vedlikehaldsarbeid på Campus

5. Revisor

Revisor for Høgskulen i Volda er Riksrevisjonen.

Volda, 13. mars 2026, Høgskulen i Volda ved styret




Odd Helge Mjellem Tonheim
rektor og styreleiar



Karen Brønne



Roar Tobro



Silje Louise Dahl



Per Halse



Kjersti Kleven



Mathea Eckhoff Dagestad



Irene Sandsli



Rasmus Stokke



Bjørn Gunnar Tafjord



Landon Mitchell



Jan Olav Baarøy

Prinsippnote - SRS

Generelt

Virksomhetsregnskapet er satt opp i samsvar med gjeldende statlige regnskapsstandarder (SRS).

Alle regnskapstall er oppgitt i 1000 kroner dersom ikke annet er særskilt opplyst.

Anvendte regnskapsprinsipper

Inntekter fra bevilgninger og inntekt fra tilskudd og overføringer

Inntekt fra bevilgninger og inntekt fra tilskudd resultatføres etter prinsippet om motsatt sammenstilling. Dette innebærer at inntekt fra bevilgninger og inntekt fra tilskudd resultatføres i takt med at aktivitetene som finansieres av disse inntektene utføres, det vil si samme periode som kostnadene påløper (motsatt sammenstilling).

Bevilgning gitt i tildelingsbrev er inntektsført på balansedagen dersom aktiviteten bevilgningen var ment å finansiere er gjennomført selv om det gir et positivt resultat. Bevilgning knyttet til konkrete oppgaver og investeringer som ikke er gjennomført på balansedagen, er klassifisert som ikke inntektsført bevilgning, og presentert i del III i note 15.

Overskudd fra bevilgningsfinansiert aktivitet er presentert som Avregnet bevilgningsfinansiert aktivitet i del C Statens kapital i balansen. Bidrag og tilskudd fra statlige etater og tilskudd fra Norges forskningsråd samt bidrag og tilskudd fra andre som ikke er benyttet på balansedagen, er presentert som annen kortsiktig gjeld på regnskapslinjen ikke inntektsført tilskudd og overføringer i balanseoppstillingen. Tilsvarende gjelder for gaver.

Den andelen av inntekt fra bevilgninger og tilsvarende som benyttes til anskaffelse av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler som balanseføres, inntektsføres ikke på anskaffelsestidspunktet, men avsettes i balansen på regnskapslinjen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler.

I takt med kostnadsføringen av avskrivninger av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler inntektsføres et tilsvarende beløp fra avsetningen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler. Periodens inntektsføring fra avsetningen resultatføres som inntekt fra bevilgninger. Dette medfører at kostnadsførte avskrivninger inngår i virksomhetens driftskostnader uten å få resultateffekt.

Inntekter fra transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjoner resultatføres til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekt resultatføres når den er opptjent.

Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet hvor overføring av risiko og kontroll er overført til kjøper. Salg av tjenester inntektsføres i takt med utførelsen.

Kostnader

Utgifter som gjelder transaksjonsbaserte inntekter er kostnadsført i samme periode som tilhørende inntekt.

Utgifter som finansieres med inntekt fra bevilgning og inntekt fra tilskudd og overføringer, er kostnadsført i samme periode som aktivitetene er gjennomført og ressursene er forbrukt.

Pensjoner

SRS 25 Ytelser til ansatte legger til grunn en forenklet regnskapsmessig tilnærming til pensjoner. Statlige virksomheter skal ikke balanseføre netto pensjonsforpliktelser for ordninger til Statens pensjonskasse (SPK).

Vi har resultatført arbeidsgiverandelen av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon er kostnadsført som om pensjonsordningen i SPK var basert på en innskuddsplan.

Fra 2022 har SPK lagt om pensjonspremiemodellen for statlige virksomheter. Fra 1. januar 2022 betaler virksomheten en virksomhetsspesifikk hendelsesbasert arbeidsgiverandel som del av pensjonspremien. At premien er virksomhetsspesifikk, betyr at den beregnes ut fra den enkelte virksomhets forhold, ikke for grupper av virksomheter samlet. At den er hendelsesbasert, betyr at den tar hensyn til de faktiske hendelser i medlemsbestanden i virksomheten, slik at premiereserven er ajour i forhold til medlemmets opptjening. Medlemsandelen på to prosent av lønnsgrunnlaget er uendret.

Leieavtaler

Vi har valgt å benytte forenklet metode i SRS 13 om leieavtaler og klassifiserer alle leieavtaler som operasjonelle leieavtaler.

Klassifisering og vurdering av anleggsmidler

Anleggsmidler er varige og betydelige eiendeler som disponeres av virksomheten. Med varige eiendeler menes eiendeler med utnyttbar levetid på 3 år eller mer. Med betydelige eiendeler forstås eiendeler med anskaffelseskost på kr 50 000 eller mer.

Anleggsmidler er balanseført til anskaffelseskost fratrukket avskrivninger.

Kontorinventar og datamaskiner og annet IKT-utstyr med utnyttbar levetid på 3 år eller mer er balanseført som egne grupper.

Varige driftsmidler nedskrives til virkelig verdi ved endret anvendelse eller utnyttelse, dersom virkelig verdi er lavere enn balanseført verdi.

Egenutvikling av programvare

Kjøp av bistand til utvikling av programvare er balanseført. Bruk av egne ansatte til utvikling av programvare er kostnadsført.

Investeringer i aksjer og andeler

Investeringer i aksjer og andeler er balanseført til kostpris på anskaffelsestidspunktet. Investeringer i aksjer og andeler er vurdert til laveste verdi av balanseført verdi og virkelig verdi. Dette gjelder både langsiktige og kortsiktige investeringer. Mottatt utbytte og andre utdelinger er inntektsført som annen finansinntekt.

Aksjer og andeler som er anskaffet med dekning i bevilgning over 90-post og aksjer anskaffet før 1. januar 2003 og som ble overført fra gruppe 1 til gruppe 2 fra 1. januar 2009, har motpost i Innskutt virksomhetskapital avsnitt CI Virksomhetskapital i balanseoppstillingen. Aksjer og andeler som er finansiert av overskudd av eksternt finansiert oppdragsaktivitet, har motpost i Opptjent virksomhetskapital. Dette gjelder både langsiktige og kortsiktige investeringer.

Klassifisering og vurdering av omløpsmidler og kortsiktig gjeld

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som forfaller til betaling innen ett år etter anskaffelsestidspunktet. Øvrige poster er klassifisert som anleggsmidler/langsiktig gjeld.

Omløpsmidler vurderes til det laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene.

Valuta

Pengeposter i utenlandsk valuta er vurdert til kursen ved regnskapsårets slutt. Her er Norges Banks spotkurs per 31.12 lagt til grunn.

Statens kapital

Statens kapital utgjør nettobeløpet av virksomhetens eiendeler og gjeld. Statens kapital består av virksomhetskapital, avregninger og utsatt inntektsføring av bevilgning (nettobudsjetterte). Universiteter og høyskoler kan bare opptjene virksomhetskapital innenfor sin oppdragsvirksomhet. Deler av de midlene som opptjenes innenfor oppdragsvirksomhet kan føres tilbake til og inngå i virksomhetens tilgjengelige midler til dekning av drift, anskaffelser eller andre forhold innenfor formålet til institusjonen.

Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler

Avsetningen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler viser inntekt fra bevilgninger og tilsvarende som er benyttet til anskaffelse av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler.

Kontantstrømoppstilling

Kontantstrømoppstillingen er utarbeidet etter den direkte metode tilpasset statlige virksomheter.

Statlige rammebetingelser

Selvassurandørprinsipp

Staten opererer som selvassurandør. Det er følgelig ikke inkludert poster i balanse eller resultatregnskap som søker å reflektere alternative netto forsikringskostnader eller forpliktelser.

Statens konsernkontoordning

Statlige virksomheter omfattes av statens konsernkontoordning. Konsernkontoordningen innebærer at alle innbetalinger og utbetalinger daglig gjøres opp mot virksomhetens oppgjørskontoer i Norges Bank.

Virksomheten tilføres likvider løpende gjennom året i henhold til utbetalingsplan fra overordnet departement og disponerer en egen oppgjørskonto i konsernkontoordningen i Norges Bank. Denne renteberegnes ikke. Nettobudsjetterte virksomheter beholder likviditeten ved årets slutt.

Resultatregnskap

Beløp i 1000 kroner

	Note	31.12.2025	31.12.2024
Driftsinntekter			
Inntekt fra bevilgninger	1	472 736	472 061
Inntekt fra tilskudd og overføringer	1	28 151	38 186
Inntekt fra gebyrer	1	0	0
Salgs- og leieinntekter	1	12 624	12 736
Andre driftsinntekter	1	258	147
<i>Sum driftsinntekter</i>		513 769	523 130
Driftskostnader			
Varekostnader		0	0
Lønnskostnader	2	345 085	350 549
Avskrivninger på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4,5	21 954	24 862
Nedskrivninger av varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4,5	0	1 302
Andre driftskostnader	3	141 125	138 984
<i>Sum driftskostnader</i>		508 164	515 697
Driftsresultat		5 606	7 433
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter	6	18	27
Finanskostnader	6	24	24
